



Arkivsak-dok. PLAN-20/00381-33
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Utval

Møtedato

Utvalsak

Reguleringsplan Reistad Småbåthamn

Administrasjonssjefen si innstilling:

I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret forslag til reguleringsplan for Reistad Småbåthamn, gnr 193 bnr 1, med plankart, føresegner og omtale datert 30.06.2021.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Hausten 2020 tok grunneigar på gnr 193/1, med hjelp av konsulentfirmaet OSE AS, initiativ til utarbeiding av detaljreguleringsplan for utvikling og betre sikring av småbåthamna på Reistad, Vågstranda. Det var også ein intensjon å legge til rette for bustader eller utleigehytter på eit mindre areal sørvest for småbåthamna på same eigedom.

Det vart først halde oppstartsmøte med Vestnes kommune. Deretter vart planoppstart varsla og det kom 7 tilbakemeldingar; 5 frå offentlege instansar og 2 private.

Som resultat av innspela frå private er den delen av planområdet som var tiltenkt bustader eller utleigehytter teke ut av planen og er såleis ikkje lenger ein del av planforslaget.

Planutvalet vedtok å legge planforslag ut til offentleg ettersyn den 16.februar, med frist for merknader sett til 20.mai.

Etter offentleg ettersyn våren 2021 er det mottatt 6 innspel/merknader til planforslaget for Reistad småbåthamn. Alle frå offentlege instansar. Mellom anna er det reist motsegn frå Statsforvaltaren (SFMR). Etter dette har konsulent OSE AS innarbeid mindre endringar i plandokumenta for å etterkome innspela og legge til rette for at SFMR kan trekke motsegna. Som det går fram av vedlegg, trekker SFMR motsegna på bakgrunn av endringane.

Endringane går i korte trekk ut på at plangrensa er flytta noko lenger mot nordvest, inntil eksisterande fylling ved kaia. Moloen skal etter dette starte ved eksisterande fylling, i staden for aust om nausta. Moloen er også innskrenka ca. 10 meter i den austlege delen. I tillegg er det lagt inn turveg på landsida av hamna, i staden for køyreveg og areal for småbåthamna. Planføresegnene er supplert m.a. med krav om geoteknisk prosjektering og ansvarsrett for tiltak i grunnen og molo. Vidare er det lagt inn ei

omsynssone i samband med muleg stormflo og havnivåstigning. Både planomtalen og sjekklista for risiko og sårbarheit er oppdatert.

Vurdering

Adm.sjefen og viser til merknadsvurderingane gjort av OSE AS og stiller seg bak desse. Vidare viser adm.sjefen til innspela i den avgrensa høyringa og vurderer no at alt ligg til rette for at planforslaget kan endeleg godkjennast.

Vedlegg

DP Reistad småbåthamn_ gbnr_ 193_1 - reviderte plandokument etter offentleg ettersyn - PLAN-20_00381-2

Detaljplan Reistad småbåthamn - merknadsvurdering offentleg ettersyn_2021.06.30

1535-0154 - Detaljplan Reistad småbåthamn gbr. 193_1 - føresegner_2021.06.30

1535-0154 - Detaljplan Reistad småbåthamn, gbr. 193_1 - planomtale_2021.06.30

1535-0154 - Detaljplan Reistad småbåthamn, gbr. 193_1 - sjekkliste ROS_2021.06.30

Reguleringsplan Reistad Småbåthamn - Avgrensa høyring

Uttale til avgrensa høyring av Reguleringsplan Reistad Småbåthamn - Vestnes kommune - Møre og Romsdal fylke

Uttale til avgrenset høyring - PLAN-20-00381-27 - Reguleringsplan Reistad Småbåthamn - Statens vegvesen

Avgrensa høyring - Reguleringsplan - Reistad Småbåthamn - NVE

Gnr 193 bnr 1 - Avgrensa høyring - Reguleringsplan for Reistad småbåthamn - Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Reistad småbåthamn - gbnr 193_1 - fråsegn til avgrensa høyring

Særutskrift:

Etter adresseliste